


# Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Osterøy**

nr. 3 - 2007



**Konfirmasjon i Bruvik**  
Sokneprest Johannes Melve  
og konfirmand Rebekka  
Flostrand





# Hyrdingen

Eg hev frå eg var liten gut alltid lika å vera saman med sauene. Mor mi tykte stundom at eg var altfor oppteken av desse dyra. Då minna eg ho på at i Bibelen er sauер og hyrdingar nemnde svært ofte.

Og det som er skrive der om sauene hev eg sjølv røynt gjennom eit langt liv. Dei kjenner svært godt røysta til den som steller med dei.

No siste åra beiter sauene på ein gard inne på Kleiveland. Eg er ofte inne der og ser til dei. Om dei går og beiter, og er opptekne med det, kjem dei springande alt dei orkar når eg ropar på dei.

Ein gong for mange år sidan gjekk eg til fjells ein sumardag for turen sin del, men og for å sjå om sauene. Men på denne turen vart det tjukk skodda. Då me kom til Ljosavatnet sa han som var med meg at det er ikkje råd til å finna sauere i denne skodda. "Me ser dei ikkje, men dei kan høyra meg når eg ropar," sa eg. Og med ein gong eg ropa høyrdie me sauere som svara, og mykje lyd av bjøllesauer som sprang. På ei lita stund samla det seg, frå fleire kantar, over 30 sauere med lam.

Då sa kameraten min, som ikkje hadde sauere, "No forstår eg det om den gode hyrdingen som det står om i likninga i Bibelen".

Når me sankar sauene om hausten nyttar det aldri for meg å gå bak flokken og jaga. Då berre snur dei seg mot meg og kringset meg, eg må gå føre flokken og lokka på dei.

Me kan såleis slå fast at sauenatura ikkje hev endra seg frå slik det står om dei i Bibelen. Guds ord hev heller ikkje endra seg.

I Joh. 10. 14 – 16 står det :" Eg er den gode hyrdingen. Eg kjenner mine, og mine kjenner meg, liksom Faderen kjenner meg. Eg set livet til for sauene. Eg har andre sauere og, som ikkje høyrer denne flokken til. Dei og må eg leia; dei skal høyra mi røyst, og det skal vera ei hjord og ein hyrding. "

Me høyrer til flokken av andre sauere og må vera glade for at me kan høyra røysta til hyrdingen og få fylgja etter han.



# Skaparverket

I denne fagre sumartid  
gå ut, mi sjel, og gled deg i  
vår Herres store under!  
Sjå hagen prydd med blomeseng,  
sjå garden med si grøne eng,  
og skog med li og lundar!

Paul Gerhardt, ein luthersk prest i Tyskland, gav i 1654 ein del av dei flotte sommarsalmene som vi har i Norsk Salmebok. «I denne fagre sumartid» står på nummer 766 i Salmeboka. Der står seks av dei femten versa han skreiv. I første delen av salmen hyllar Gerhard sommartida som Guds gode gave. Vi blir oppfordra til å sjå, høyre og tenke på alt det fantastiske Gud har gjort gjennom det han har skapt. Det er ikkje vanskeleg å vera einig med Paul Gerhardt. Sommartida er ei fantastisk flott tid og kan ikkje erstattast på nokon måte, verken av guds eller gull. Skaparverket ber med seg eit vitnemål om Guds stordom og herledom.

Det andre verset i salmen har ei referanse til Matteus 6,28a - 29 der Jesus seier: «Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herledom var kledd som ei av dei.» Jesu ord rommar og glede over skaparverket, og over Guds omsorg for alt som lever: «Blir ikkje fem sporvar selde for eit par skilling? Og ikkje ein av dei er gløymd hos Gud.» (Lukas 12,6)

Presten Paul Gerhardt levde i ei hard tid. 30-årskrigen herja, og pesten raste. Gerhardt mista fire av dei fem borna han fekk, og kona døydde i ung alder. Likevel mista han aldri trua på Gud og Guds stordom.

For tida er det eit stort fokus på at menneska ikkje forvaltar skaparverket slik Gud ville det. Vi øydelegg jorda med ureining. Vi har for første gang i historia greidd å få sleppa ut så mykje forureining at temperaturen på jorda faktisk aukar. Det går an å tenke: «Kva så? Vi kan jo ikkje gjera noko frå eller til...» Eller så kan vi, i tru på Guds stordom, gjere vårt for å endre denne utviklinga. Gerhardt greidde å sjå Guds stordom, gjere vårt for å endre denne utviklinga. Gerhardt greidde å sjå Guds stordom på tross av alt det vonde som hende rundt han. Han greidde å gle seg over kor flott alt var, sjølv om menneska døydde av sjukdomar og krig. Men no er menneska i ferd med å øydeleggja Guds skaparverk, sjølve livsgrunnlaget vårt. Vi skal og må gjera vårt for å ta vare på det. Det skal vi gjera for Gud, vår skapar, og for menneska som skal arve jorda etter oss. Olav Hillestad har skrive om dette i salmen «Gud, du er rik.», nummer 716 i Salmeboka.

Vi er ditt verk! Du eier oss, Gud,  
med alle de goder vi har.  
Du byr oss forvalte dem etter de bud  
du gav oss, vår Skaper og Far.

Inge Sørheim

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80 - Fax. 56 19 22 81

Mailadr:kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

### Direkte innval:

Ruth Hauge	56 19 22 73
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	90 62 00 46
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

## OSTERØY PRESTEGJELD, TILSETTE/RÅD OG UTVAL:

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve  
Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus  
Sokneprest Inge Sørheim,  
tlf. 90620046

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes  
Priv. tlf. 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund  
Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik  
Nestleiar: Anne Mari Persen  
Jostein T. Reigstad  
Tove Mostrøm Fjelstad  
Frode Johnsen  
Johannes Melve  
Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge  
Hosanger: Katja Litland  
Hamre: Tove Klepsvik  
Haus : Madli Hannisdal  
Bruvik: Johannes Melve

### Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik  
Tlf. 56 39 52 27  
Johannes Melve, Elna Mjelstad  
Øyvind Vevle

# Salmar frå skattkista

Kari Ekanger Johnsen vart utfordra i siste nr. Her kjem salmen ho har valt og litt om kvifor.

Den ”salmen” eg vil ta fram frå skattkista er songen ”Jeg har en venn som har gitt sitt liv”. Den er faktisk skreve det året eg vart født, så den er ikkje så veldig gamal, eg laerte den i tidleg ungdomsår.

Den er så enkel, men samtidig så innhaldsrik. Lett å læra utanåt. Eg har sunge den på sengekanten til borna mine.

Songen er skriven i 1971 av Vidar Kristensen, til ein svensk

folketone.

Kari utfordrar Bjørg Systad til å velja salme neste gong.

*Jeg har en venn som har gitt sitt liv for at jeg skal få leve.  
Det finnes intet alternativ, - det nytter ikke å streve,  
fordi jeg lever så milevidt i fra  
Guds vilje med livet mitt  
fikk jeg dommen, slik lød den:  
Du skal dømmes til døden.*

*Denne dommen er absolutt, og  
jeg kan ikke anke.  
Men når jeg innser at alt er slutt,  
har Gud en frelsende tanke :  
Til jorden sender han Jesus som  
tar på seg både min skyld og*

dom.

*Og når han drepes uskyldig, blir  
min dødsdom ugyldig.*

*Tenk, jeg skal ikke dø fordi Jesus  
døde i stedet.*

*All min dødsangst er nå forbi,  
den er byttet med glede.*

*Ja, Jesus, hjelp meg å klart  
forstå at det livet jeg lever nå.  
Det er ditt liv alene, det er deg  
jeg skal tjene.*

Heimesida vår i Kyrkjeleg Fellesråd er:  
<http://www.osteroy.kyrkja.no/>


## Søndagsskulledag på Raknestunet 20/5-07

Søndagsskulane på Osterøy hadde felles summaravslutning på Raknestunet, søndag 20. mai. Då var det først familiegudsteneste, så ei matøkt, og så leikar på plassen ute. På biletet ser de litt av sekkeløpet.

Søndagsskulane startar igjen til hausten, og alle ungar er velkomne. Start-datoane er nok ikkje bestemte enno, men her er iallefall liste over søndagsskulane med kontaktpersonar:

Haus søndagsskule	Svanhild Zachariassen	5639 0204
Hauge s.skule	Kari V. Reigstad	5639 4706
Hjellvik s.skule	Bent Are Mjelstad	5639 3232
Valestrand s.skule	Synnøve Daltveit	5639 1049
Fitje s.skule	Anne Cecilie Skeidsvoll	5619 1174
Fotlandsvåg s.skule	Solfrid Bardsley	5639 5235
Tysse s.skule	Marit Tysse	5639 5376

# Kyrkjeverja informerer



## Stell av kyrkjegardane

Eg syner til innlegg som er gjengitt annan stad i Kyrkjehelsing der Gjerstad sokneråd skriv om korleis dei ønskjer seg stell på kyrkjegardane.

Kyrkjeleg fellesråd er samd med det som vert skrive. Vi ønskjer oss kyrkjegardar som er velstelte og som gir ei verdig ramme rundt gravferda og ei god oppleveling for pårørende som oppsøker kyrkjegarden.

Kyrkjeleg fellesråd har tilsett ein kyrkjegardsgravar som har åleineansvar for alt arbeid som foregår ute på kyrkjegardane. Hans primære oppgåve er gravlegging, og i tillegg til dette skal han også sette opp nye gravsteinar og gravsteinar med namnetilføyningar. Innimellan dette har han også hovudansvar for slåtten. Han gjer ein svært god jobb og tek fatt på dei ulike oppgåvene etterkvart som tida rekk.

I tillegg til kyrkjegardsgravaren har vi leigd inn ein ekstra slåttekar for sommaren.

Planen er at det vert slått kvar 8-10 dag på kvar kyrkjegard.

Dersom det vert normal mengd gravferder, rekner vi med at det vert ein brukbar standard på kyrkjegardane når det gjeld slåtten denne sommaren.

### HAMRE KYRKJE:

Byggmeister Rune Revheim har sidan byrjinga av mai arbeidd med skifte av takstein på Hamre kyrkje. Vi er svært glad for at dette arbeidet no vert gjort, slik at vi har eit sikkert tak på kyrkja. Rune Revheim reknar med at arbeidet vert fullført før fellesferien tek til.

Når det gjeld prosjekt:

Fullgod brannsikring av kyrkja, arbeider vidare med dette. Vi har fått inn anbod på dette og, og det ligg svært mykje høgare enn vi hadde rekna med.

Kyrkjeleg fellesråd har til no samla inn litt i overkant av 1.7 mill. kroner, og anboda ligg over det dobbelte av dette.

Hamre kyrkje er ei kyrkje- og kulturhistorisk skatt som må takast vare på for framtida. Derfor arbeider vi vidare for å få installert fullgod brannsikringsanlegg i kyrkja.



### Kirkens SOS

**Er du en som kan lytte?**

**Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!**

Kirkens SOS starter kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering for nye frivillige medarbeidere til krisetelefonen. Kurset går på mandagskvelder med **kursstart 8. oktober 2007**. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

Hvert døgn tar nesten 600 mennesker kontakt med Kirkens SOS.

Oppgaven for våre frivillige medarbeidere er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Vi svarer også på SOS-meldinger via internett.

Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd". For å bli med må du være over 20 år. Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



# Velkommen til kyrkja

## 5. s. e. pinse, 1. juli 2007: Matt 7,1-5 1 Mos 4,8-15; Rom 14,7-13

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Dåp  
Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 6. s. e. pinse (Aposteldagen), 8. juli 2007: Luk 5,1-11 1 Mos 12,1-4a; 1 Tim 1,12-17

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidaren i Osterøy.

## 7. s. e. pinse, 15. juli 2007: Matt 5,20-24[25-26] 5 Mos 30,11-16; Fil 3,3b-11

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskyrkja/Den norske kyrkja i utlandet

## 8. s. e. pinse, 22. juli 2007: Mark 8,1-9 Sal 147,1-11; 2 Kor 9,8-12

Hosanger kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim.  
Nattverd.

## Olavsdagen (Olsok)/9. s. e. pinse, 29. juli 2007: \* Sal 33,12-22 Ef 2,11-14; Luk 22,24-27

Bruvik kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS

Gjerstad kl. 19.00 Olsokgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 10. s. e. pinse, 5. august 2007: Matt 25,14-30 Ordsp 2,1-6; 1 Kor 3,10-17

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Lovsongsheimen i Bangkok

## 11. s. e. pinse, 12. august 2007: Luk 19,41-48 Jer 18,1-10; Rom 9,1-5 og 10,1-4

Geitnipa. Friluftsgudsteneste. Sørheim.

## 12. s. e. pinse, 19. august 2007: Luk 18,9-14 Jes 2,12-17; Rom 3,21-26

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Melve Nattverd. Takkoffer til Sjelesorgsenteret på Haraldsplass.

## 13. s. e. pinse, 26. august 2007: Mark 7,31-37 1 Sam 3,1-10; 2 Kor 3,4-6

Kossdalen kl. 12.00 Friluftsgudsteneste i høve

Mjøsdalsdagane. Melve

Gjerstad kl. 19.00 Høgmesse. Melve  
Nattverd..

## 14. s. e. pinse, 2. september 2007: Luk 10,25-37 3 Mos 19,16-18; 1 Joh 4,7-10

Osterøyhallen kl. 11.00 Felleskyrkjeleg gudsteneste i høve Jesusfestivalen.  
Sokneprest Inge Sørheim preikar. Lovsong. Fleire andre deltek.

## 15. s. e. pinse, 9. september 2007: \* 1 Tess 5,15-24 Sal 146; Luk 17,11-19

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Børge Ryland. Presentasjon av konfirmanter. Soknerådsval. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Nattverd. 50-års-konfirmanter. Takkoffer til kyrkjelydsarb.

## 16. s. e. pinse, 16. september 2007: Matt 6,24-34 1 Kong 17,8-16; Gal 5,25-6,5

Hosanger kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Nattverd. 50-års-konfirmanter.

Bruvik kl. 11.00 Presentasjon av konfirmanter. Børge Ryland. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

Haus kl. 19.00 Gudsteneste. Børge Ryland. Presentasjon av konfirmanter. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 17. s. e. pinse, 23. september 2007: Joh 11,17-27,37-44 Hos 6,1-3; 2 Tim 1,9-12a

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidaren i Osterøy.

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Sørheim. Presentasjon av konfirmanter. Takkoffer til den norske Tibetmisjon

Hosanger kl. 19.00 Gudsteneste. Sørheim. Presentasjon av konfirmanter.

## 18. s. e. pinse, 30. september 2007: Mark 2,18-28 Jes 1,12-17; Rom 14,1-8

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. 60+. Takkoffer til Norsk lærarakademi.

**19. s. e. pinse, 7. oktober 2007: Mark 12,28-  
34 Sal 73,23-28; 1 Kor 1,4-9**

Bruvik kl. 11.00

Høgmesse. Sørheim Nattverd. Takkoffer til Frivillighetssentralen

**20. s. e. pinse, 14. oktober 2007: Mark 2,1-  
12 1 Mos 15,1-6; Rom 4,1-8**

Haus kl. 11.00

Høgmesse. Melve. Natt-

Hamre kl. 11.00

verd. 50-års-konfirmanter. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Familiegudsteneste, hausttakkefest. Sørheim. Utdeling av 4-års-bok. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

## Soknerådsval

Gjerstad sokneråd held val 9. og 10.september 2007.

Valet er 9.september etter gudstenesta, og fram til kl.13.00. Måndag 10.september er valet samtidig med kommunestyrevalet, på Hauge sakule, på Grønskaret og på Lonevåg skule.

Førehandsrøysting på Kyrkjekontoret måndag – fredag 3. - 8. september kl 0900 – 1500.

## Takk

Fasteaksjonen for Kirkens nødhjelp fekk eit fint resultat frå Osterøy i år. Takk til alle gjevarar og medarbeidarar !

## Konfirmantbilete

Diverre var Sunniva Mjelde utegløymd på lista over konfirmantane i Haus.

## Sokneprest Johannes Melve

går frå 1.august ned i 60% stilling. Han skal framleis ha to gudstenester for månaden, kontordagar og to tenesteveker pr.månad .Prostiprest Børge Ryland tek over konfirmantane i Haus, Gjerstad og Bruvik. Han kjem til å ha nokre gudstenester og kyrkjelege handlingar her.

## Tenesteveker

Frå 1. august får Osterøy ordninga med tenesteveker for prestane. Til no har det vore slik at presten i Hosanger har hatt dei fleste gravferdene og vigslene for Hosanger og Hamre sokn. Presten i Haus har hatt dei fleste tenestene i Bruvik, Haus og Gjerstad.

No vert det innført tenesteveker der den presten som har tenestevike får dei gravferdene og vigslene som fell i desse vekene. Sokneprest Melve får to tenesteveker pr. månad, sokneprest Inge Sørheim og prostiprest Børge Ryland kvar si.

## Dagen i dag

Av Anna Skeide.

Dagen i dag  
kjem med mange gaver,  
både det som ein vil  
og ikkje vil.

Dagen i dag  
trør over terskelen  
og ingen kan visa han bort,  
før han er ferdig  
med ærendet sitt.

Dagen i dag -  
er som vinden-  
fort kjem han,  
og fort er han borte,  
men i hans fotefar  
gror mange slags blomar  
ein ikkje veit namnet på.

Frå samlinga : Blå time

## Manntalet

Det kyrkjelege manntalet vert utlagt på Kyrkjekontoret frå 7.august. Klage må sendast til leiaren i soknerådet innan 1.september.. Klagen kan gjelda dei som med urette er oppført i manntalet, eller dei som ikkje er komme med i manntalet og likevel meiner å ha røysterett ved soknerådsvalet.



**Konfirmasjon i Hamre 6. mai.** 1. rekke fra v: Inga Magdalena Vatle Sandgren, Inge Sørheim, Susanne Bolstad. 2. rekke fra v: Marielle Øvsthus Evjen, Christina Stald, Finn Fossdal Århushus, Katrine-Beth Reigstad, Sandra Skistad. 3. rekke fra v: Henrik Selstø Greve, Erlend Valestrand Edvardsdal, Håvard Elvik Slettebakken, Petter André Tvedt Sæbø. 4. rekke fra v: Jonas Zahl, Trygve Bru Reigstad, Simen Kallekleiv, Jostein Iversen, Viljar Sylta



**Konfirmasjon i Hamre 29. april .** 1. rekke fra v: Ingelin Vevle, Inge Sørheim, Amalie Kristina Elvik Bolset, Ylva Torstensen Småland. 2. rekke fra v: Ingrid Revheim, Ingrid Fosse, Silje Kleppe, Kristin Edvardsen Kallekleiv, Christine Tveiten Johansen, Silje Elvik Halvorsen. 3. rekke fra v: Gøran Lunde, Astrid Nytn Steffensen, Ragnhild Reigstad, Malin Kallekleiv, Krister Skår. 4. rekke fra v: Chris Kaland Stamnes, Simon Hauge, Gisle Hoel Århushus, Eirik Brakvatne Mjelde, Jørgen Andre Myking, Emil Hosøy.



**Konfirmasjon i Haus.** 1. rekke fra v: Janniche Gundersen Børteit, Hanne Heggøy, Inge Sørheim, Sunniva Mjelde, Carina Mjelde. 2. rekke fra v: Vegard Aasheim, Ole Einarsen, Cassandra Presthus, Thomas Melde, Brage Thunestvedt Hatløy. 3. rekke fra v: Fredrik Skaftun Børteit, Richard Aasheim, Glenn Torgersen, Marius Hetelvik Bøe.



**Konfirmasjon i Hosanger.** 1. rekke fra v: Ingeborg Beckstrøm Fjellskålnes, Anne-Sofie Fure Fjellskål, Inge Sørheim, Ingrid Vevle Hartveit, Aina Losvik. 2. rekke fra v: Victoria Mjelde Hanstveit, Solveig Beckstrøm Fjellskålnes, Adelin Hanstveit Hjellvik, Synnøve Elvik Litland, Vivian Mjelstad. 3. rekke fra v: Ariane Tysse Olsen, Jonas Bolset Kleppe, Erlend Johan Mjøs, David Tveiten Lewis, Ruben Bjørkheim Kleppe, Kari Forthun. 4. rekke fra v: Alexander Skråmestø, Brynjar Tysse Hanstveit, Markus Fosdal, Atle Beckstrøm Vedå, Kristian Ekanger Johnsen.

## *Soknepresten har ordet*

# Mot straumen - kyrkja som motkultur

Det er alltid lettaste å fylgja straumen. Då trengst det ikkje stor kraft til å koma framover. Å vera motkultur er vanskelegare. Det verkar som om sterke krefter vil ha kyrkja til å fylgja med tida. Det politisk korrekte er å meina det same som fleirtalet. Men kyrkja er bunden til noko heilt anna enn folkemeininga. Guds ord er det avgjerande for all kristen tru. Det er ikkje kva fleirtalet i folket meiner, som er det avgjerande for kyrkja.


I fjar var det Ibsen – år. Då var det på sin plass å sitera frå En folkefiende: Den står sterkest som står alene. Det er ikkje lett å stå aleine. Den som står aleine må stå støtt, for ikkje å verta riven med av kreftene som fylgjer straumen. Tenkjer me på dei fyriste hundreåra av vår tidsrekning, så var kristendomen ein motkultur. På mange område i livet var kristen tru ein motkultur som hadde heilt andre

verdiar enn dei rådande i samfunnet. Eg ynskjer meg ikkje tilbake til tider med forfylging, og eg beundrar dei som heldt ut alle prøvingane dei måtte igjennom då. Likevel er det mykje i vår tid som liknar meir og meir på tilhøva i dei fyste kristne hundreåra.

I våre dagar er me attende i tider då kyrkja må kjempa for å verta høyrd, kjempa for å nå fram med si røyst i koret av røyster som målber det politisk korrekte, fleirtalet si mening.

Livssynspluralisme, ei mengd med ulike livssyn kjempar om menneska i vår tid. Det er ikkje berre andre religionar som kjempar menneske. Like mykje er det sekularisme og materialisme som er ”fiendane” kristen tru må konkurrera med. Då gjeld det å vita kva kristen tru er, kva sjølve grunnlaget er for liv og lære.

I verda, men ikkje av verda, sa



Jesus. Og me lever i verda som alle andre. Og samtidig er kristendomen ei tru som ikkje er av verda. Det er ikkje folkemeininga som avgjer kva kristen tru er, berre Gud. På denne måten er kristendomen ein motkultur som er annleis enn samfunnet rundt oss. I verda, men ikkje av verda er ord me treng å ta med oss framleis.

J.M.

## *Økonomien til Kyrkjehelsing*

I dette nr ligg det som vanleg på denne tida ein giro til innbetaling av bladpengar og eventuelle gåver til bladet.. Økonomien til bladet er no svært dårleg. Me hev ikkje nok pengar på konto til å betala trykking og porto på dette nr.

Me vonar difor på framleis velvilje hjå lesarane

slik at me og kan få inn midlar til å gjeva ut haustnr. og julenr. av bladet. Det kostar ein stad mellom 20 og 30.000 til trykking og porto på kvart nr. Berre det å få innlagt giro i bladet kostar 2.600, kr.

# Familie-nytt



## HAUS

### Døpte:

15.04. Adele Rongved Nesthus  
17.06. Malin Edvardsdal

### Gravlagde:

17.06. Solveig Nordbø (f.14.07.1924)

## GJERSTAD

### Døpte:

08.04. Tony Øksnes Lund  
08.04. Oda Linnea Nakken Revheim  
27.05. Nicholas André Revheim  
27.05. Noah Aleksander Heimvik Bønes  
03.06. Ronja Espenvoll  
03.06. Mads Fredrik Heimdal Teigland

### Gravlagde:

03.06. Otto Gjerstad (f.1932)  
29.05. Sverre E. Eriksen (f.1915)  
31. 05. Bjarne L Lohne (f.1925)

## HAMRE

### Døpte:

25.03. Andreas Vedå  
25.03. Even Sylta Flatås  
25.03. Sunniva Valestrand Øen  
25.03. Ida Leonora Valestrand Eike  
14.04. Simen Børtevit  
06.04. Ylva Småland Torstensen  
06.04. Katrine-Beth Reigstad

17.05. Ida Malena Småland Solberg  
28.05. Andrea Steinsland Bjørge  
28.05. Morgan Aagesen Fitjar

### Vigde:

31.03. Rita Worren og Edvard Horsås  
14.04. Helene Myklebustad og Øyvind Jarle Fosse  
26.05. Linda Flatås og Frode Rolland Larsen  
02.06. Marit Thunes og Ole Edvardsdal  
Gravlagde:  
26.04. Anna Kristine Reigstad (f.1909)  
02.05. Johannes Røskeland (f.1931)  
12.06. Per Hilmar Andersen (f.1950)

## HOSANGER

### Døpte:

18.03. Michelle Andal (Døpt i St.Markus)  
05.04. Ariane Tysse Olsen  
22.04. Bjørnar Nonås Røsland  
22.04. Adrian Nonås  
20.05. Alexandra Lund (Døpt i Salhus)  
26.05. Elias Reigstad Fotland (Sjømannskyrkja i København)  
17.06. Nora Ruud Myking

### Gravlagde:

25.04. Inga Vare (f.1914)  
27.04. Dennis Turan Nesheim BJORØY (f.1986)  
27.04. Margit Fotland (f.1923)  
08.06. Ulf Audun Haugen (f.1966)

# Fekk de ikkje Kyrkehelsing?

Kyrkjehelsing vert i utgangspunktet sendt til alle heimar i Osterøy. Men når det gjeld nr.1 i år delte ikkje postverket ut bladet til dei som hadde reservert seg mot reklame eller uadressert post i postkassen. For nokre år sidan hende og det same, men eg avtala då med posten at Kyrkjehelsing skulle leggjast i alle postkassar, slik det og hev vore gjort fram til nr. 1 i år.

Dette er feil av di Kyrkjehelsing ikkje er reklame, men inneheld m.a. informasjon om kva tid det er gudsteneste i dei einskilde kyrkjene og familienytt. Nr. 2 skulle dei så, etter ny avtale, dela ut til alle. Men det var då omlegging av rutinane i posten. No vart Kyrkjehelsing utsendt frå Bergen i staden for tidlegare frå Lonevåg.

På ein eller annan måte førte dette til at når postomberaren kom til Tysse mangla ho Kyrkjehelsing til 60 postkassar. Redaktøren var såleis ein av dei som ikkje fekk bladet. Eg laut henta meg eit eksemplar i Hosanger kyrkje. Det vert alltid lagt ut nokre blad i kyrkjene. Eg hev elles og fenge telefonar frå einskilde personar i andre krinsar som heller ikkje fekk nr. 2.

På Tysse er det såleis mange heimar som til no hev fenge Kyrkjehelsing dette året. Redaksjonen bed om årsaking for dette sjølv om me ikkje er skuld i det.

O. M.

# Kompostbar gravpynt til kyrkjegarden

Plast og isopormateriale brukt i kransar og anna pynt til gravene gjer at det må samlast inn tonnevis med restavfall frå kyrkjegardane kvart år. Eit lokalt initiativ har fjerna fleire containarlass med avfall årleg.

Det var kyrkjeverje Meinert Helland på Radøy i Nordhordland som saman med fellesrådet tok opp kampen med den lokale blomsterbransjen, og kravde komposterbart materiale i all gravpynt.

Etter ein del bråk vann fellesrådet kampen, og reduserte mengda restavfall med fleire containarlass årleg. Mange fellesråd har vedtekter for kyrkjegarden som krev komposterbart materiale i gravpynt, men det er ikkje alltid lett å gjennomføra når blomsterbutikken berre leverer pynt med isopor og plast.

Inspirert frå resultata på Radøy, har no kyrkja fått med seg at bomsterhandlarkjeda Mester Grønn på å få gjennomføre bruk av komposterbart materiale i all gravpynt. Kjeda har brukt eit heilt år på å forhandle med sine underleverandørar og kursa sine tilsette, slik at dette kan gjennomførast skikkeleg.

Håpet er at når kyrkja i neste omgang aktivt går ut og tilrår blomsterhandlarar som kan levere komposterbart, vil resten av bransjen følgje etter.

Viss graverdsbyråa også blir med på dette, kan vi saman medverka til å omstille ein heil bransje, få verdfull kompost til kyrkjegarden, og spare tonnevis med restavfall frå norske kyrkjegardar - og dermed også bidra til å redusere klimagassutsleppa så det monnar!



## Kyrkjegarden vår

Me vil alle at kyrkjegarden vår skal vera velstelt og ryddig. Soknerådet har dette som mål. Det er ikkje her me vil møta rusk og rask slengd.

Me har fleire gonger fått klage på at der er ruskedongar på kyrkjegarden, og at dette må me gjera noko med. Dette har me gjort, men det viser seg at det lett samlar seg att. Derfor vil me be dei som steller gravene om å leggja alt boss, slikt som visne kransar og blomar, mosekransar og grangreiner i dei bossekunkane som står ved sida av portane. Til sine tider kan dei vera fulle, så då vil me be om at bosset vert sett i posar ved sida av. Ein kan også ta bosset med seg og ha det i sin eigen bossonk.

Dette med å ha kyrkjegarden fin og ryddig må vera eit fellesansvar for alle som har tilknytting til den.

20. april hadde me dugnadsdag med rydding og førefallande arbeid på kyrkjegarden. Me vil takka dei som kom og var med på dette.

*Gjerstad sokneråd*

Det same gjeld alle dei andre kyrkjegardane og.

*Olav Meltyvik*

# Valliste til soknerådsvalet i Gjerstad 2007

1. Oddmund Vevle
2. Anne Karin Mortensen
3. Rolf Kalland
4. Kari Hauge
5. Rolf Henning Rød
6. Kjersti Midttun
7. Ingrid Tveiterås
8. Torild Solberg Kalland
9. Kjellaug Hartveit

Desse står ikkje på val no :

Roald Hauge  
Kåre Roger Breivik  
Erna Solveig Lone  
Inngun Hartveit Mæstad

Valnemnd har vore:  
Aksel Solberg, Kjellaug Hartveit, Hild Breivik,  
Rolf Henning Rød og Ingrid Tveiterås.

Gjerstad sokn deltek i ei prøveordning med val anna kvart år på halvparten av medlemmene til soknerådet. Prøveordninga avsluttast i 2011 og skal då evaluerast av bispedømerådet. Dette året står 4 medlemmer og 5 varamedlemmer på val.  
Soknerådsvalet vert i kyrkja 9. september etter gudstenesta og der det vert røysta til kommune og fylkestingsvalet 10. september i Gjerstad sokn.

**Kjellaug Hartveit**

## Konfirmantar frå Gjerstad



Fremste rekke frå venstre: Maria Hyun Rød, Marte Sandal Gjøstein, Konfirmantlærar Ole Arthur Hanstveit, Sokneprest Johannes Melve, Elin Bjørndal Njåstad, Frøya Småland. Midtre rekke frå venstre: Knut Andreas Lohne, Linn Mjeldstad, Karina Bjørndal Midttun, Håvard Reigstad, Øyvind Hestenes Vedå, Ingrid Skjerping Kollvangsnes, Johanne Revheim, Andreas Skeidsvoll. Bakerste rekke frå venstre: Chris Erik Birkeland Solberg, Daniel Olausen Gullbrå, Håkon Hannisdal Hagen, Olav Bergstad Hagebø, Torbjørn Hovden, Johannes Aleksander Svendheim Rongved.

# Misnøyens tidsalder

I våre dager er det blitt slik at flere og flere mennesker klager mer og mer, på flere og flere ting de er misfornøyde med i samfunnet. Mange av klagene er uberettigede, mens andre er vel berettiget.

Jeg personlig, som kirketjener i to av kirkene i Osterøy, har sammen med de andre kirketjenerne vært skyteskive for et utrolig dårlig stell av kirkegårdene i kommunen. Det er leit å måtte fortelle folk som klager, at vi kirketjenerne ikke er rette instans. Det er ikke vi som bevilger pengene som er nødvendig for å opprettholde et akseptabelt vedlikehold. Det må være en sak for kommunens politikere. De fleste klagene går på dårlig slåing av gresset og miserabelt stell av gangveiene på kirkegårdene.

Disse klagene må jeg tilstå er klagene som er fullt ut

berettiget. Det gjør meg flau å gå gjennom kirkegårdene på vei til min egen jobb inne i kirken, å se forfalet. Jeg synes det har blitt verre år for år. Jeg synes det har vært merkelig stille om saken. Det virker som om det ikke vedkommer våre lokale politikare i det hele tatt. Folk som kommer til begravelser her fra andre kommuner bemerker også hvor vanstilt de synes våre kirkegårder er i forhold til å deres egne hjemkommuner. Når jeg flaut prøver å forsøre vår kommune (man er da lokalpartiot) med å si at kommuneøkonomien på Osterøy er svært dårlig, så svarer de at den er ikke noe bedre der de bor.

Jeg har spekulert på hvorfor ingen av våre politiske partier i de senere års valg har hatt dette opp som sak i de lokale valgkampene. Det har

vært merkelig stille om dette.

Det å stelle våre kirkegårder har med åære minnet om våre døde slektninger og kjære. Det må jo være en æresak for oss alle, uansett hvem vi er å hegne om disse minnene. En gang i nær eller fjern fremtid skal vi og ligge på en av kirkegårdene, og da vil vi vel helst at våre etterlatte skal kunne besøke vår grav og kunne føle den freden og høytiden det bør være på en kirkegård og ikke måtte irritere seg over vanstillet.

Når det egentlig er en bagatell økonomisk å opprettholde et akseptabelt nivå, synes jeg at nå når vi nærmer oss et nytt kommunevalg er det tiden for å gi tydelige signaler til politikarene om at nok er nok.

*Johnny Selvik*

## Dåpsskulen i Gjerstad

**Det har vært en fin gjeng som har vært samla i Hauge bedehus til dåpsskule dette året.**

På dåpsskulen har vi ulike tema som vi snakker om hver gang, vi synger litt, og vi har ei bibelfortelling.

Temaene variere. Vi snakker om hvorfor vi feirer høytider, hvorfor vi har dåp og nattverd i kirka, og

menneskelige ting som vennskap og tilgivelse. Hver gang lager vi bilder av det vi har snakket om den dagen, og de bildene er nå utstilt i kirka.

Den siste samlingen har vi i kirka. Presten viser oss hvordan vi feirer nattverd, organisten viser oss orgelet og alle får prøvespille på det. Til slutt går vi opp i tårnet og ser på klokkekene. De som har lyst får prøve å ringe med dem.

Palmesøndag markerer vi

avslutningen av dåpsskulen med å dele ut diplomer til deltagerne.

Er det noen som blir 6 år i år og som syns dette høres spennende ut? Da kan vi bare si at dere kan glede dere til høsten. Da er det dere som får tilbud om å vere med. Gleder oss til å treffe dere.

*Hilsen oss på dåpsskulen.*

# Påskevandring

1.søndag etter påske, i eit nydeleg vårver, hadde Haus søndagsskule utandørs påskevandring. Løypa var delt inn i 5 stasjonar og på kvar stasjon var det hengt opp plakatar med tekster.

1.stasjon, Palmesøndag, var inne i kyrkjelydshuset. Her fekk borna utdelt tuja-greiner, og 15 born og nokre voksne vandra langs veien mot Sanatoriet ved barnehagen. (Sanatoriet er eit fint tilrettelagt naturområde ved barnehagen og Mjeldavatnet i Haus).

2.stasjon, Skjærtorsdag, var ved eit bord med benker ved vatnet. Her vart det lest utdrag frå skjærtorsdagsteksten med innstiftinga av nattverden, og alle fekk saft og kjeks.

Så gjorde vi som lærersteinane og gjekk til stasjon 3. "Getsemanehagen", Sanatoriet. Den gamle årverdige eføyen danna ei perfekt ramme rundt hagen.

4. stasjon, Langfredag, var nokre meter lenger borte. Her låg tornekrona, (fint bunde av taggete berberris), som

symboliserte langfredag.

5. stasjon, Påskedag, var lengst inne i sanatoriet, i ei lita fjellhole. Her fann vi grava med "linkledet" lagt saman, og steinen velta irå.

Alle borna fekk kvar sin løkplante med blomst på, til å planta heime. Denne symboliserer oppstoda og det nye livet. Som avslutning song vi songen: "Halleluja, halleluja, det er påsketid og glede. Halleluja, halleluja, nå er Jesus her til

stede".


Etter denne opplevingsrike vandringa, gjekk turen tilbake til kyrkjelydshuset, der borna blei registrerte og fekk klistermerka sine.

Dette var nok ein annleis søndagskuletime, men truleg ei oppsummering av påskehøgtida som vil bli hugsa av små og store!

Meldar:



# Når kjærleik i vårt hjarta skin



Av Gerd Gønvold Sauve

Når kjærleik i vårt hjarta skin,  
vert dagen vår så klår og fin,  
Guds namn til pris og ære.  
Frå hjarta stig så glad ein song  
alt skapte Gud for oss ein gong,  
hans namn til pris og ære.

Når kjærleik skin som ljoskledt brur  
då Jesus i vårt hjarta bur,  
Guds namn til pris og ære.  
Han signa vil vårt nye liv,  
gi glede rik til mann og viv,  
hans namn til pris og ære.

Når kjærleiks ljos i oss er tent,  
vert allting til det gode vendt,  
Guds namn til pris og ære.  
Då er Guds Ande som ei hand,  
han leier møy, han leier mann,  
Guds namn til pris og Ære.

*Frå samlinga : Kan vi tro på lyset ?*

## Karsten Isachsen til Haus

Karsten Isachsen kjem til Osterøy tysdag 5. september, Haus kyrkje.  
Han held foredrag over tema: LIVETS LYSE SIDER»

Dette ynskjer vi skal bli ein inspirasjonskveld for både tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkje og andre lag og organisasjonar og alle andre som har lyst å høyra.

Av programmet kan vi elles nemna:

- Song av Arna Kammerkor
- Kyrkjekaffe etterpå i Kyrkjelydshuset med litt å bita i. Boksal.

Dette vert ein kveld du ikkje må gå glipp av!

*Arr: Haus sokneråd og Osterøy kyrkjeleg fellesråd*